



Foto: cowboyjunkies.com

Velande og hypnotisk over seg.

er Michael Timmins låtskrivar, og i eit intervju med Billboard i vår fortalde han om bakgrunnen for albumet: Han er oppteken av ei kollektiv kjensle av at framtida er usikker, at institusjonar og forhold ein tidlegare tok for gitt, ikkje verkar så robuste lenger.

HYPNOTISK

Stemninga er fanga inn i tittelsporet, som dukkar opp i to versjonar og på eit vis rammar inn albumet – ein forsiktig, kviskrande variant, og ein som er skarpare og hardare i kantane. «All That Reckoning» teiknar eit bilete av to liv som har vore tett samanknytte, og fortel om korleis kjensla av tillit kan vere nært forbunden med kjensla av frykt.

Cowboy Junkies lagar ein heilt eigen, umiskjennelege rockemusikk – på sitt beste har han noko

hypnotisk og dvelande ved seg, som i låten «When We Arrive.» Her og der dukkar elegante ekko frå rocketradisjonen opp, men det er alltid subtile gjort, som når Antons bass på «The Things We Do to Each Other» nynnar fram melodilina til Lou Reeds «Walk on the Wild Side». Eg er glad kvartetten held det gåande, både med ny musikk og med turnéliv. I november kjem dei ein liten tur til Europa og skal spele i velvalde, intime rom som passar dei godt, mellom dei kyrkjer i Hamburg og Berlin. Det kan ikkje verte anna enn bra.

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.



Bruce Springsteen og kona Patti Scialfa framfor Walter Kerr Theatre, der Broadway-framsyninga hans er blitt ein suksess. Foto: Evan Agostini / AP / NTB scanpix

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com

Lyrisk let

Eugene Asti spelar Brahms' klavermusikk på eit Steinway-flygel frå Brahms' tid.

CD



JOHANNES BRAHMS:

Late Piano Works

EUGENE ASTI, KLAVER. LAWO 2018

I 1890 tykte den 57 år gamle Johannes Brahms at han hadde gjort sitt som komponist. Han var musikklivet i Wiens *grand old man*, med ei rekkje store verk bak seg som framleis har ein sentral plass i det klassiske repertoaret: fire store symfoniar, to klaverkonsertar, fiolinkonserten, dobbelkonserten for fiolin og cello, i tillegg til ei mengd solo-, kammer- og kyrkjemusikk. Det var desse han ynskte bli hugsa for. Difor sette han i gang med å destruera mykje av brevkorespondansen sin og noteskisser han ikkje ville at ettertida skulle sjå.

Men pensjonisttilværet varte ikkje lenge. Så hugteken blei han over den søte, uttrykksfulle tonen til ein av verdas fremste klarinettistar den gongen, austerrikaren Richard Mühlfeld, at han tok opp att komponeringa: fyrst ein serie kammermusikkverk


med klarinett, som han dediserte Mühlfeld, så ein serie stutte stykke for klaver.

KJENSLERIK

Det er desse seine klaververka, publiserte i 1892 og 1893, den amerikanske pianisten Eugene Asti spelar på det nye albumet sitt. Sjølv om Asti er mest kjend som akkompagnatør, syner han seg her som ein dyktig solist, med ein spelestil som høver bra til desse verka, som ofte har ein kjenslerik og melankolsk grunntone. Eg tenkjer her til dømes på den tunglyndte «Intermezzo: Andante» frå *Fantasien*, op 116: I fyrste og siste del av stykket, som er i tredelt «liedform» (A–B–A), strekkjer han dei små pausane mellom frasane maksimalt, noko som får musikken til å sveva.

GAMALT FLYGEL

Men Asti kan òg gripa hardt i klaviaturet, noko han gjer i den drivande «Ballade: Allegro energico» frå *Klavierstücke*, op 118, som har energi som eit fossefall. Også her syner han fin sans for fraseringsdetaljar; særleg smakfull er bruken av den for romantisk musikk så viktige bøyinga og tøyinga i tempoet som ein kallar *rubato*.



Den tyske komponisten Johannes Brahms (1833–1897). Fotografi frå 1889. Foto: New York Public Library

Interessant er òg Astis instrument: eit Steinway-flygel frå 1893 med varm og rund klang, som faktisk blei bygd same året som *Klavierstücke* kom ut, noko som gjev albumet ein spanande tilleggsdimensjon.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

Intens nerve

CD



KNUT VAAGE, TORSTEIN AAGAARD-NILSEN:

Høvsongen, Ars Vivendi

MARI ERIKSMOEN, SOPRAN; HALVOR F. MELIEN, BARYTON; COLLEGIUM MÚSICŪMS KOR OG ORKESTER; DIR.: EIVIND GULLBERG JENSEN. LAWO 2017

Desse to tingingsverka frå Bergens Collegium Músicŭms kor og orkester er begge laga av komponistar busette i Bergen. Det nyaste stykket er Torstein Aagaard-Nilsens (fødd 1964) *Ars Vivendi* frå 2014, med tekst frå Georg Johannesens diktsamling *Ars Vivendi – eller de syv levemåter* (1999). Somme av satsane blir litt for monotone, til dømes innleiinga «1 Tro (mandag)», som stampar for mykje. Betre fungerer «2 måtehold (tirsdag)», der dei ulike laga av melodisk rørsle som byggjer seg opp utetter i satsen, har ein suggererande verknad.

Det andre verket, *Høvsongen* frå 2009, er av Knut Vaage (fødd 1961). Dette er ei tone-setjing av utdrag frå Salomos høvsong, den bibelske diktsamlinga komponisten omtalar som «ei samanhengjande og høgstemt hylling av kjærleiken». Instrumentalopninga er spektakulær: Det er som om eit tungt og prydeleg teltforheng blir rive til side og me brått står andsynes Levantens eksotiske lydar, ein lyrisk larm av kvitrande piccolofløyer,

kvekkande oboar, burande trompetar og kvasse strykarar som flengjer lydiletet. Ein intens nerve strekkjer seg gjennom heile dette førti minuttar lange verket, noko som både kan førast attende til Vaages kompetente komposisjonshandverk og den lytefrie direksjonen til Eivind Gullberg Jensen.

SJUR HAGA BRINGELAND



Collegium Músicŭms kor og orkester i Korskirken i Bergen. Foto: Cecilie Bannow